

SAK 36/25 VIDARE DRIFT AV ETABLERERTENESTA ETTER 2025**Saksopplysning:**

Denne saka er ei oppfølging av sak 10/25 og handlar om samarbeid om næringsutvikling generelt, men spesielt om vidareføringa av etablerartenesta i Hallingdal etter nyttår.

I sak 10/26 fatte Regionrådet slikt vedtak:

«Regionrådet ber vedtek kommunane innan 1. juni 2025 avklare om ei ynskjer å delta vidare i eit samarbeid om etablerartenest i Hallingdal, eller om ein ynskjer å ordne dette på anna vis.»

Hallingdal Etablererteneste er organisert under Regionrådet og er finansiert av kommunane i Hallingdal (87%) og Buskerud fylke (13%). Avtala med fylket om medfinansiering av tenesta går ut dette året, men Buskerud har signalisert at dei vil invitere kommunane med på ei ny avtale frå 1. januar 2026. Denne avtale ser ut til å vera ganske lik dagens avtale. Det er i dag budsjettmidlar til ei 100% stilling i etablerartenesta.

Me ser ein gledeleg auke i talet på personar/idear som ønskjer å starte bedrift og som oppsøker etablerartenesta. Så langt i pr ligg det an til rekord

	Hol	Ål	Gol	Hemsedal	Nesbyen	Flå	totalt
Til no 2025	10	21	8	10	9	4	62
2024	15	28	18	18	9	2	90
2023	14	23	17	10	19	6	89

Tabellen viser kor mange prosjekt som har fått rådgjeving i etablerartenesta dei siste åra.

I denne saka skal Regionrådet ta stilling til korleis ein skal organisere og finansiere etablerartenesta framover. Det er ynskjeleg med tidleg avklaring på dette spørsmålet, både fordi leiaren av tenesta treng avklaringar om framtida, men også fordi næringsliv, og alle som jobbar med næringsutvikling treng forutsigbareheit.

Dei fleste kommunane har signalisert at dei blir med vidare i den ordninga som er i dag. Nesbyen kommune har politisk vedtak om at dei vil ut av noverande avtale om etablerarteneste og har administrativt signalisert at dei ikkje ønskjer å gå inn i ei ny avtale.

Om dette blir ståande, må regionrådet drøfte korleis ein skal handtere at ein av kommunane ikkje er med på samarbeidet.

Vurdering.

Etablerartenesta har saman med kommunane sine næringsrådgjevarar, Hallingdal Næringshage og Sats på Hallingdal, samt lokale og regionale støtteordningar vore viktige bidragsytarar til regional næringsutvikling i ei årrekke. No når omstillingsprogrammet er avslutta og det dei totale ressursane som blir nytta til næringsutvikling er under press, er det naturleg å drøfte korleis ein skal samarbeide om næringsutvikling i Hallingdal og korleis ein skal vidareføre etablerartenesta.

Kor mykje ressursar den enkelte kommune brukar på næringsutvikling og på oppfølging av nyetablerarar varierer, men det at kommunane legg til rette for gode rammevilkår for næringsliv og nyetablerarar er svært viktig for både nærings- og bustadattraktiviteten i regionen. Etablerartenesta får svært gode tilbakemeldingar frå dei som nyttar tenesta. Det viser seg også at svært mange av prosjekta som får starthjelp frå etablerartenesta, resulterer i oppstart av ei bedrift. Derfor er næringsutvikling eit av hovudsatsingsområda i Regionplanen, som vart vedteken på Hallingtinget i okt. 2024.

Då saka var oppe i februar vart det stilt følgande spørsmål

Skal etablerartenesta fortsette? Blir alle kommunane med vidare? Vil ein eller fleire kommunar ut av ordninga – og korleis skal ev Hallingdal rigge seg eller reagere om dette ev skjer?

Scenario 1: Alle kommunar er med vidare

Resultat: Leiar i etablerartenesta fortsett i 100 % stilling

Scenario 2: Ein eller fleire kommunar ønskjer å gå ut av ordninga

Resultat: Nye spørsmål må svarast ut:

Kan leiar i etablerartenesta fortsette i 100% stilling eller må stillinga reduserast?

Skal kommunar som ikkje er med framleis få tenester?

Kan ein tenkje seg at kommunar som er att i ordninga, finansierer andre kommunar sin del midlertidig? Ev att Regionrådet gjer det?

Er kommunar som ikkje er med interessert i å få hjelp slik at dei kan koma attende seinare, eller vil dei løyse det på anna vis?

Hallingdal er ein bu og arbeidsregion og næringsutvikling er eit felles satsingsområde i dalen . Dagleg leiar meiner derfor at alle innbyggjarar i dalen bør få eit tilbod om rådgjeving om dei ønskjer å starte bedrift. Det vil vera svært uheldig på utelate ein eller fleire kommunar. Om ein kommune ønsker å gå ut av ordninga av økonomiske årsaker bør Hallingdal vurdere om ein vil vise seg frå si beste side og hjelpe ein nabo i nød. Om ein vil ut fordi ein meiner at ein ikkje har behov for teneste bør ein tenkje seg godt om ei gong til og ikkje forvente hjelp frå andre.

Hovudregelen bør vera at kommunane betalar for sin del. Går ikkje dette bør regionen vurdere låneordning, spleiselag eller bruk av regionale fond for å sikre like rettigheter til alle som ynskjer å starte bedrift i Hallingdal

Forslag til vedtak:

Regionrådet rår kommunane til å vidareføre ordninga om etablerarteneste og dermed til å bli med på ny avtaleperioden med fylkeskommunen.

Om dette er uråd å få til bør regionen vurdere ei løysing som gjer at alle som ynskjer å etablere bedrift får same tilbod om rådgjeving uavhengig av kvar dei bur.

Hallingdal, 5. juni 2025

Jan Olav Helling

Dagleg leiar